



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: 1. etg., Volda samfunnshus
Dato: 21.06.2018
Tid: 14:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Reprenter
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Sølvi Dimmen	Nestleiar	SP
Hild Våge, permisjon kl. 17.30	Medlem	AP
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Bjørn Ytrestøyl	Medlem	AP
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP
Edvin Dale	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H
Sindre Rotevatn	Medlem	H
Arild Iversen	Medlem	KRF
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Henning Holsvik	Medlem	KRF
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Erlend Krumsvik	Medlem	KRF
Øyvind Festø	Medlem	MDG
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Rebecca Riise Bjerknes	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Åshild Vik	Medlem	SV
Benedikte Holmberg	Medlem	V
Idar Flo, permisjon kl. 17.30	Medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Reprenter
Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid	Medlem	AP
Magnar Sunde	Medlem	AP
Per Svein Krøvel	Medlem	H

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Reprenter
Anne Lise Fredly	Magnar Sunde	AP



VOLDA KOMMUNE

Ivar-Otto Kristiansen

Per Svein Krøvel

H

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Per Ivar Kongsvik	Oppvekstsjef PS 82/18 og PS 83/18
Paul Ottar Tornes	Prosessleiar digitalisering OS 32/18

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 80/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 81/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
OS 32/18	Orientering om kommunereforma
PS 82/18	Tilstandsrapport Voldaskulen 2017-2018
PS 83/18	Austefjord barnehage
PS 84/18	Volda kommune - Tertialrapport 1 2018
PS 85/18	Finansrapportering 2018 - 1. tertial
PS 86/18	Nytt investeringsprosjekt for prosjektering og seinare bygging av infrastruktur kring Volda Campus Arena
PS 87/18	Symjebasseng i sentrum i Volda kommune – Analyserapport
PS 88/18	Gbr 19/822 Tilbod om kjøp av eigedom Storgata 16
PS 89/18	Grendautvala i Volda kommune 2018
PS 92/18	Prosjektplan og finansiering av parkeringsplass på Driveklepptomta, etter innkomne anbod
PS 93/18	Stad Skipstunnel og KS2
PS 94/18	Pleieheimen - Eigedomen til Volda sanitetslag



VOLDA KOMMUNE

FO 8/18	Grunngjeve spørsmål - 50 % stilling som familierettleiar
PS 90/18	Orienteringssaker
OS 33/18	Volda-tunnel bomløyningar
OS 34/18	Status for gjennomføring av tilrådingar i forvaltningsrevisjonsprosjekt - Tidleg innsats
PS 91/18	Delegerte saker frå avdelingane
DS 95/18	Løyve til endring Gbr 11/7
DS 96/18	Løyve til endring Gbr 17/241
DS 97/18	Løyve til endring Gbr 17/242
DS 98/18	Løyve til tiltak, garasje og tilbygg Gbr 19/933
DS 99/18	Løyve til tiltak, garasje Gbr 19/520 og 19/815
DS 100/18	Løyve til endring gbr 19/1006
DS 101/18	Løyve til tiltak, reiskapsbod Gbr 21/47
DS 102/18	Løyve til tiltak, garasje Gbr 21/165
DS 103/18	Ferdigattest, bustad Gbr 21/158
DS 104/18	Rammeløyve, tilbygg Gbr 22/4/2
DS 105/18	Ferdigattest, sandlager Gbr 30/185
DS 106/18	Løyve til tiltak, fritidsbustad i Brundalen Gbr 86/18
DS 107/18	Ferdigattest, hytte på Dansen Gbr 135/1
DS 108/18	Løyve til tiltak, klokketårn ved fyrmuseum Gbr 146/41

PS 80/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Opprop:

Det var 26 møtande ved møtestart.

Innleiingsvis i møtet, var det eit kulturinnslag frå kulturskulen. Maximilliam Aguilar Beleuta spelte to melodiar på piano, eine melodien saman med lærar Ragnhild Engeset.

Utdeling av kulturprisen 2018

Kulturprisnemnda, ved ordførar Jørgen Amdam, delte ut kulturprisen til Magnar Aam. Han fekk kulturprisen for si sentrale rolle innanfor musikklivet i Volda.

Magnar Aam takka for prisen.

Innkalling

Innkalling, med sakliste, vart lagt ut på lesebretta og publisert på heimesida den 14.06.2018

Møtet vart annonsert i «Møre» den 16.06.2018.



VOLDA KOMMUNE

Dokument lagt ut på lesebretta den 20.06.2018 :

- Prosjektplan og finansiering av parkeringsplass på Driveklepptomta, etter innkomne anbod
- Stad skipstunnel og KS2
- Formannskapsprotokoll 19.06.2018 (innstillingar til kommunestyret)
- PS 87/17 Vedlegg —Uttale frå styret i VTI-symjegruppa
- PS 89/18 Vedlegg —Årsmelding Austefjord grendautval 2017
- Samansetjing av fellesnemnda for nye Volda kommune

Dokument utdelt i møtet:

Grunngjeve spørsmål frå Volda SV, v/Åshild Vik: 50 % stilling som familierettleiar.

Røysting innkalling:

Det var ingen merknader til innkallinga.

Innkallinga vart samrøystes godkjent.

Sakliste

Ordføraren kom med framlegg om at sak OS 32/18 vert handsama etter sak PS 81/18.

Ordføraren kom med framlegg om å sette dei ettersendte sakene på saklista.

Dan Helge Bjørneset (Volda Høgre) kom med framlegg om å sette sak om eigedomen til Volda sanitetslag, «Pleieheimen», på saklista.

Røysting om å sette framlegget til Dan Helge Bjørneset på saklista:

23 røysta for å sette saka på saklista, 3 røysta imot.

Røysting sakliste:

Saklista med tillegg og endring frå ordføraren og Dan Helge Bjørneset, vart samrøystes godkjent.

PS 81/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Røysting:

Møteprotokollen frå sist møte den 31.05.2018, vart samrøystes godkjent.



VOLDA KOMMUNE

OS 32/18 Orientering om kommunereforma

Rådmann Rune Sjørgard og prosessleiar digitalisering Paul Ottar Tornes orienterte om status for prosessen kommunesamanslåing Volda og Hornindal.

PS 82/18 Tilstandsrapport Voldaskulen 2017-2018

Samrøystes tilråding i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 13.06.2018 til kommunestyret

Tilstandsrapporten Voldaskulen 2017-2018 vert teken til vitende.

Handsaming:

Røysting (26 røysteføre):

Tilrådinga frå tenesteutval for oppvekst og kultur vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 21.06.2018:

Tilstandsrapporten Voldaskulen 2017-2018 vert teken til vitende.

PS 83/18 Austefjord barnehage

Tilråding i formannskapet - 19.06.2018 til kommunestyret:

- 1. Austefjord barnehage vert ikkje lagt ned, då ein dei siste 2 åra ser ein auke i barnefødsjar i Austefjord krins.*
- 2. Kommunestyret ber administrasjonen utgreie moglegheitene for eit oppvekstsenter i Austefjorden, der ressursane i barnehage, skule og SFO samla kan gje borna som veks opp i Austefjorden eit fullverdig tilbod.*

Handsaming:

Røysting (26 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 21.06.2018:

- 1. Austefjord barnehage vert ikkje lagt ned, då ein dei siste 2 åra ser ein auke i barnefødsjar i Austefjord krins.*



VOLDA KOMMUNE

- Kommunestyret ber administrasjonen utgreie moglegheitene for eit oppvekstsenter i Austefjorden, der ressursane i barnehage, skule og SFO samla kan gje borna som veks opp i Austefjorden eit fullverdig tilbod.*

PS 84/18 Volda kommune - Tertialrapport 1 2018

Tilråding i formannskapet - 05.06.2018 til kommunestyret:

- Tertialrapport nr 1 2018 for Volda kommune vert teken til vitende.
- Budsjett for 2018 vert endra med følgjande rammer:

BUDSJETTENDRING 1. TERTIAL 2018	Endring inntekt	Endring utgift	Netto endring
Skatteinntekt	-9 700 000		-9 700 000
Rammetilskot	3 600 000		3 600 000
Eigedomsskatt	-1 500 000		-1 500 000
Andre generelle statstilskot	1 849 110		1 849 110
Korrigeringar mot disposisjonsfondet	18 326 734	1 242 906	19 569 640
Personal og organisasjon		-250 000	-250 000
Økonomi	-250 000	-250 000	-500 000
Opplæring og oppvekst	1 200 000	-500 000	700 000
Helse og omsorg	-1 490 000	2 990 000	1 500 000
Service og kultur		-250 000	-250 000
Teknisk		1 350 000	1 350 000
Utvikling	-150 000		-150 000
Barnevern Volda		-1 000 000	-1 000 000
Kommunestyre skjema 1b:			0
Pensjon	-16 308 000	-900 000	-17 208 000
Havbruksfondet	-200 000		-200 000
Tilskot EM	-1 410 750		-1 410 750
Regulering mot "innsparingstiltak"		3 600 000	3 600 000
Sum budsjettendring	-6 032 906	6 032 906	0

Handsaming:

Røysting (26 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.



VOLDA KOMMUNE

Vedtak i Kommunestyret - 21.06.2018

1. Tertialrapport nr 1 2018 for Volda kommune vert teken til vitende.
2. Budsjett for 2018 vert endra med følgjande rammer:

BUDSJETTENDRING 1. TERTIAL 2018	Endring inntekt	Endring utgift	Netto endring
Skatteinntekt	-9 700 000		-9 700 000
Rammetilskot	3 600 000		3 600 000
Eigedomsskatt	-1 500 000		-1 500 000
Andre generelle statstilskot	1 849 110		1 849 110
Korrigeringar mot disposisjonsfondet	18 326 734	1 242 906	19 569 640
Personal og organisasjon		-250 000	-250 000
Økonomi	-250 000	-250 000	-500 000
Opplæring og oppvekst	1 200 000	-500 000	700 000
Helse og omsorg	-1 490 000	2 990 000	1 500 000
Service og kultur		-250 000	-250 000
Teknisk		1 350 000	1 350 000
Utvikling	-150 000		-150 000
Barnevern Volda		-1 000 000	-1 000 000
Kommunestyre skjema 1b:			0
Pensjon	-16 308 000	-900 000	-17 208 000
Havbruksfondet	-200 000		-200 000
Tilskot EM	-1 410 750		-1 410 750
Regulering mot "innsparingstiltak"		3 600 000	3 600 000
Sum budsjettendring	-6 032 906	6 032 906	0

PS 85/18 Finansrapportering 2018 - 1. tertial

Tilråding i formannskapet - 05.06.2018 til kommunestyret:

Finansrapport for 1. tertial 2018 vert tatt til vitande.

Handsaming:

Røysting (26 røystefore):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 21.06.2018

Finansrapport for 1. tertial 2018 vert tatt til vitande.



VOLDA KOMMUNE

PS 86/18 Nytt investeringsprosjekt for prosjektering og seinare bygging av infrastruktur kring Volda Campus Arena

Tilråding i formannskapet - 05.06.2018 til kommunestyret:

Volda kommunestyre løyver kr 1 million til prosjektering og planlegging av infrastruktur som parkering, veg, vatn og avløp, kring Volda Campus Arena.

Handsaming:

Idar Flo reiste spørsmål om habilitet. Han er styremedlem i Volda Campus Arena, jf. kl. § 40 og fv. § 6. 1.1, e. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Erlend Krumsvik reiste spørsmål om habilitet. Han er styremedlem i Volda Campus Arena, jf. kl. § 40 og fv. § 6. 1.1, e. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet

Idar Flo vart samrøystes kjent inhabil.

Erlend Krumsvik vart samrøystes kjent inhabil.

Røysting (24 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 21.06.2018

Volda kommunestyre løyver kr 1 million til prosjektering og planlegging av infrastruktur som parkering, veg, vatn og avløp, kring Volda Campus Arena.

Idar Flo og Erlend Krumsvik tok sete.

PS 87/18 Symjebasseng i sentrum i Volda kommune - Analyserapport

Administrasjonen si tilråding:

1. *Kommunestyret tek Analyserapporten frå Asplan Viak til vitende.*
2. **Alt. 1:** *Kommunestyret ber rådmannen å planlegge og innarbeide eit 12,5 m basseng knytt til Øyra skule i Budsjettet for 2019.*
3. **Alt. 2:** *Kommunestyret ber rådmannen med bakgrunn i saksutgreiinga og analyserapporten frå Asplan Viak utarbeide romprogram og skisseprosjekt for eit nytt badeanlegg i Volda i tilknytt Campus Arena. Badeanlegget skal ta utgangspunkt i anbefalt program, men med 12,5 m breidde på 25 m bassenget.*



VOLDA KOMMUNE

- 3.1. *Ulike behov og løysingar skal utgreiast, og tilpasningar i høve til Campus Arena skal vurderast. Det skal gjerast faglege og kostnadmessige vurderingar og ein skal så langt råd er, avklare økonomisk medverknad frå andre. Ein ber om at m.a. problemstilling rundt bruk av stupetårn og 12,5 m breidde på bassenget vert vurdert.*
- 3.2. *Rådmannen skal knyte til seg representasjon frå brukargruppene og nødvendig badfagleg rådgjevingsekspertise i arbeidet.*
4. *Romprogram med skisseprosjekt og kostnadskalkyle vert å leggje fram innan 01.06.19. I samband med planlegginga av idrettshallen, så føreset kommunestyret at tilrettelegging for påbygg av svømmehall og grensesnittet mellom desse to anlegga vert ivareteke.*
5. *Kommunestyret vil vurdere utbygging i samband med handsaminga av komande budsjett og økonomiplan.*

Handsaming:

Uttale frå styret i VTI-symjegruppa vart ettersendt 20.06.2018.

Idar Flo reiste spørsmål om habilitet. Han er styremedlem i Volda Campus Arena, jf. kl. § 40 og fv1. § 6. 2. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Erlend Krumsvik reiste spørsmål om habilitet. Han er styremedlem i Volda Campus Arena, jf. kl. § 40 og fv1. § 6. 2. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet

Idar Flo vart samrøystes kjent inhabil.

Erlend Krumsvik vart samrøystes kjent inhabil.

Ivar-Otto Kristiansen, H, og Øyvind Festø, MDG, kom med framlegg om å tilføye *minimum* framfor 12,5 meters bredde i punkt 2.

Volda Høgre, ved Ivar-Otto Kristiansen, kom med slikt tillegg til punkt 2.2:

Der nye tekniske løysingar blir sett på. Ber om at svømme forbundet sentralt og erfaring frå nyleg bygde basseng m. b.a. hev og senk og delevegg funksjon vert vurdert.

Røysting (24 røysteføre):

Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå formannskapet og endringsframlegget frå Ivar-Otto Kristiansen og Øyvind Festø. Endringsframlegget frå Kristiansen og Festø fekk 23 røyster og vart vedteke, tilrådinga frå formannskapet fekk ei røyst og falt.

Vedtak i kommunestyret - 21.06.2018:

1. *Kommunestyret tek Analyserapporten frå Asplan Viak til vitende.*



VOLDA KOMMUNE

2. **Alt. 2:** Kommunestyret ber rådmannen med bakgrunn i saksutgreiinga og analyserapporten frå Asplan Viak utarbeide romprogram og skisseprosjekt for eit nytt badeanlegg i Volda i tilknytt Campus Arena. Badeanlegget skal ta utgangspunkt i anbefalt program, men med minimum 12,5 m breidde på 25 m bassenget.
 - 2.1 Ulike behov og løysingar skal utgreiast, og tilpasningar i høve til Campus Arena skal vurderast. Det skal gjerast faglege og kostnadmessige vurderingar og ein skal så langt råd er, avklare økonomisk medverknad frå andre. Ein ber om at m.a. problemstilling rundt bruk av stupetårn og 12,5 m breidde på bassenget vert vurdert.
 - 2.2 Rådmannen skal knyte til seg representasjon frå brukargruppene og nødvendig badfagleg rådgjevingsekspertise i arbeidet. Der nye tekniske løysingar blir sett på. Ber om at svømmeforbundet sentralt og erfaring frå nyleg bygde basseng m. b.a. hev og senk og delevegg funksjon vert vurdert.
3. Romprogram med skisseprosjekt og kostnadskalkyle vert å leggje fram innan 01.06.19. I samband med planlegginga av idrettshallen, så føreset kommunestyret at tilrettelegging for påbygg av svømmehall og grensesnittet mellom desse to anlegga vert ivareteke.
4. Kommunestyret vil vurdere utbygging i samband med handsaminga av komande budsjett og økonomiplan.

Idar Flo og Erlend Krumsvik tok sete.

Hild Våge og Idar Flo fekk permisjon kl. 17.30.

PS 88/18 Gbr 19/822 Tilbod om kjøp av eigedom Storgata 16

Tilråding i formannskapet - 05.06.2018 til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek å kjøpe eigedomen Storgata 16, Gnr. 19, Bnr. 822 i Volda kommune for ein kjøpesum stor kr. 3.025.000,-. I tillegg kjem kostnader knytt til kjøpet.

Ordfører får fullmakt til å underskrive avtale knytt til kjøpet av eigedomen.

Kjøpet vert å finansiere med låneopptak og rådmannen får fullmakt til å korrigere investeringsbudsjettet for 2018 i samsvar med vedtaket.

Handsaming:

Arild Iversen reiste spørsmål om habilitet, han har som medlem i Pinsekyrkja delteke i salsprosessen, jf fvl. § 6. 2.1. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.



VOLDA KOMMUNE

Røysting habilitet

Arild Iversen vart samrøystes kjent inhabil.

Røysting (23 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 21.06.2018

Kommunestyret vedtek å kjøpe eigedomen Storgata 16, Gnr. 19, Bnr. 822 i Volda kommune for ein kjøpesum stor kr. 3.025.000,-. I tillegg kjem kostnader knytt til kjøpet.

Ordfører får fullmakt til å underskrive avtale knytt til kjøpet av eigedomen.

Kjøpet vert å finansiere med låneopptak og rådmannen får fullmakt til å korrigere investeringsbudsjettet for 2018 i samsvar med vedtaket.

Arild Iversen tok sete.

PS 89/18 Grendautvala i Volda kommune 2018

Tilråding i formannskapet - 19.06.2018 til kommunestyret:

Kommunestyret godkjenner val av nye medlemmer og varamedlemmer for grendautvala for 2017. Kommunestyret ber om at grendautvala som ikkje har kravt nye val, gjer det.

Ordføraren får fullmakt til å godkjenne supplerande val.

Handsaming:

Årsmelding får Austefjord grendalag vart ettersendt 20.06.2018.

Røysting (24 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 21.06.2018

Kommunestyret godkjenner val av nye medlemmer og varamedlemmer for grendautvala for 2017. Kommunestyret ber om at grendautvala som ikkje har kravt nye val, gjer det.

Ordføraren får fullmakt til å godkjenne supplerande val.



PS 92/18 Prosjektplan og finansiering av parkeringsplass på Driveklepptomta, etter innkomne anbud

Tilråding i formannskapet - 19.06.2018 til kommunestyret:

Kommunestyret godkjenner prosjektplan med ei tilleggsfinansiering på Kr 500.000 inkl. mva for å kunne ferdigstille parkeringsplass på driveklepptomta, inklusive riving av Driveklepphuset.

Tilleggsfinansieringa vert finansiert med kr 100 000 i momskompensasjon og kr 400 000 ved overføring frå prosjekt Øyra skule.

Handsaming:

Saka vart ettersendt 20.06.2018.

Røysting (24 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 21.06.2018

Kommunestyret godkjenner prosjektplan med ei tilleggsfinansiering på Kr 500.000 inkl. mva for å kunne ferdigstille parkeringsplass på driveklepptomta, inklusive riving av Driveklepphuset.

Tilleggsfinansieringa vert finansiert med kr 100 000 i momskompensasjon og kr 400 000 ved overføring frå prosjekt Øyra skule.

PS 93/18 Stad Skipstunnel og KS2

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret sluttar seg til felles oppmoding frå kommunane på Søre Sunnmøre om Stad skipstunnel og KS2

Handsaming:

Saka vart ettersendt 20.06.2018.

Røysting (24 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.



VOLDA KOMMUNE

Vedtak i Kommunestyret - 21.06.2018

Kommunestyret sluttar seg til felles oppmoding frå kommunane på Søre Sunnmøre om Stad skipstunnel og KS2.

PS 94/18 Pleieheimen - Eigedomen til Volda sanitetslag

Handsaming:

Saka vart sett på saklista på møtedagen, etter framlegg frå Volda Høgre, ved Dan Helge Bjørneset.

Dan Helge Bjørneset (Volda Høgre), kom med slikt framlegg:

Kommunestyret viser til utfordringar Volda Sanitetslag har møtt ang. sal av sin eigedom Pleieheimen. Kommunestyret ber om at det straks vert utarbeidd sak om Volda kommunen si rolle og ansvar i denne saka til fyrstkomande formannskap den 26.06.18.

KrF, ved Erlend Krumsvik, kom med slikt framlegg:

Kommunestyret viser til utfordringar Volda Sanitetslag har møtt ang. sal av sin eigedom Pleieheimen. Kommunestyret ber om at det straks vert utarbeidd sak om Volda kommunen si rolle og ansvar i denne saka til utgangen av september.

Det vart halde gruppemøte.

Dan Helge Bjørneset kom med slikt framlegg på vegne av Krf, H og Frp:

Kommunestyret viser til utfordringar Volda Sanitetslag har møtt ang. sal av sin eigedom Pleieheimen. Kommunestyret ber om at det straks vert utarbeidd sak om Volda kommunen si rolle og ansvar i denne saka til den 31.08.2018.

Erlend Krumsvik trekte framlegget sitt.

Ordføraren brukte retten, som møteleiar, til å ikkje realitetshandsame saka.

FO 8/18 Grunngeve spørsmål - 50 % stilling som familierettleiar

Handsaming:

Åshild Vik reiste grunngeve spørsmål til ordføraren om 50 % stilling som familierettleiar. Ordføraren svar på spørsmålet frå Åshild Vik.

PS 90/18 Orienteringssaker

Det var ingen merknader til orienteringssakene.



VOLDA KOMMUNE

OS 33/18 Volda-tunnel bomløyisingar

OS 34/18 Status for gjennomføring av tilrådingar i forvaltningsrevisjonsprosjekt - Tidleg innsats

PS 91/18 Delegerte saker frå avdelingane

Det var ingen merknader til dei delegerte sakene frå avdelingane.

Møtet slutt kl. 18.35

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
22.06.2018

Sonja Håvik
førstekonsulent